



Dok. ref.

2016000646-33/K1 - 243/8560

Dato:

26.11.2019

Vedtekter Årdal Tenk Tryggleik rev desember 2019

Rev desember 2019

- **Styrande komite er utvida og endra tekst**
- **Koordinator rolla og ansvar**

Mål for ÅTT:

Førebygge og redusere ulukker i arbeid, skule, heim og fritid

Sette tryggleiksarbeidet på dagsorden for og innbyggerane i Årdal

Vere ei adresse for innmelding av saker, situasjonar, hendingar og forslag til endringar

Å førebygge skade, ulukke og kriminalitet er ein del av den samla innsatsen for folkehelse i Årdal

Arbeidet skal vere i tråd med:

1. Kriteria for Trygge lokalsamfunn
2. Samordna lokale kriminalitetsførebyggande tiltak (**SLT**)
3. Partnerskapsavtalen for folkehelse

Styrande komité:

Ordførar

Rådmann

Koordinator

Lensmannen

Leiar NAV

Kommunalsjef Helse

Representant frå Hydro Årdal

Leiar Norsk Folkehjelp

Leiar Årdal LO

Leiar Ungdomsrådet

Styrande komité har den overordna leiinga i Årdal Tenk Tryggleik

Komiteen kan, ved behov, Legge til og revidera medlemar i ÅTT, kalle inn representantar for dei faggrupper ein treng ha med i saker.

Styrande Komite er:

1. Politiråd

2. Kriminalforebyggende råd
3. Styrande komite skal vere representert i Folkehelserådet

Komiteen skal ta initiativ, godkjenne og innvilge nye prosjekt.

Godkjenne ressursbruk

Godkjenne årsmelding og handlingsplan

Gjere strategisk planlegging.

Koordinator:

Leiar Forebyggande og Koordinator er dagleg leiar i ÅTT, og skal vere tilsett i Årdal kommune

Koordinator skal ha følgjande oppgåver:

Vera pådrivar og sjå til at prosjekt vert gjennomførde

Sekretær for Styrande Komité.

Utarbeida rapportar, årsmelding og handlingsplan samt presentasjon til kommunestyre/årsmøte

Vere lokal klageinstans, loggføre og svare på alle meldingar.

Syte for oppfølging ved å fordele oppgåver/ansvarleggjere rett instans

Rett instans kan vere både kommunal, privat eller annan aktør

Leie samarbeidet med politiet, Statens Vegvesen (SVV), og Tekniske Tenester, (TT)

Samarbeide mellom ÅTT, Politi, TT og SVV skal ha høg prioritet

Det skal gjerast årleg synfaring av gatenettet

Koordinator skal delta på Trafikktryggleiksmøte (3 årig) med SVV, TT

Ulike delprosjekt kan opprettast og settast i gang av styrande komité.

Koordinator skal organisere arbeidet og vere pådrivarar og/eller delprosjektleiar saman med andre interessentar. Prosjekta skal vere retta mot konkrete tiltak. Resultat av prosjektarbeidet skal meldast til styrande komité.

Årsmøte

Årsmelding og handlingsplan skal handsamast i Styrande Komite, og sendast til kommunestyret til orientering. Koordinator skal vise enkel presentasjon og svare på spørsmål i kommunestyret

Økonomisk forvaltning

Økonomiavdelinga i Årdal kommune fører rekneskapen for Årdal Tenk Tryggleik.

Rådmannen, eller den han gjev løyve, tilviser ÅTT sine utgifter.

ÅTT sine disposisjonar innanfor løyvde midlar vert underlagt same revisjon som kommunen elles.

Svein Ove Åmås
Koordinator ÅTT